

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **9. februar 2015** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.10
MØTANDE MEDLEMER:	Ståle Tungesvik (Sp), Lars Ebne (Krf), Ivan Kaldheim (H) og Elisebeth Aasheim (Ap)
FORFALL:	Trude Enge (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN:	Partner/revisor Willy Hauge - KPMG AS Forvaltningsrevisor Ole-Willy Fundingsrud, KPMG, i sak 3/15 via høgtalartelefon
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Utvalet slutta seg til revisor sitt ønskje om at sak 3/15 blei handsama frå kl. 13.15 (midt i ref.sakene)
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 10.11.14

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 10.11.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.15:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.15:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 10.11.14 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.02.15

1. Statusrapport pr. februar 2015
2. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes - munnleg
3. Rapport frå NKRF-konferansen, munnleg v/sekretær
4. K-styrevedtak 16.12.14, sak 68/14 – Reglement for kontrollutvalet
5. K-styrevedtak 16.12.14, sak 67/14 – Taksthefte 2015
6. Årsrapport 2014 - skatteoppkrevjaren i Etne kommune
7. Skatterekneskapen 2014
8. eINFO 15/1 – Redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale
9. Nytt på nett, NKRF – Kontrollutvalgene fyller sine funksjoner på en god måte

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.15:

Sekretær gjorde greie for referatsakene, og orienterte frå NKRF-konferansen, som hadde vore interessant og lærerik. Lysark frå foredraga finn ein under www.nkrf. Utvalet kom med synspunkt knytte til emnet svart økonomi. Skatterekneskapet viste at dei har gode rutinar og kontroll.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.15:

Kontrollutvalet tek referatsakene 1 – 9 til orientering.

SAK 3/15 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2014

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2014.
Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2014 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.15:

Sekretær gjorde greie for årsmeldinga. Utvalet hadde inga særskilte merknader og slutta seg til innhaldet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.15:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2014.

Innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tek årsmeldinga for 2014 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 4/15 VAL AV FORVALTNINGREVISJONSPROSJEKT I 2015

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet ”.....” til neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 09.02.15:

Leiar innleia. Neste prosjekt, i følgje vedtatt plan, innan IKT var no lite aktuelt pga. kommande omorganisering. Andre aktuelle prosjekt som blei nemnd var: kommunen sitt ansvar innan NAV, forvaltninga av tilskot til private barnehagar, brannberedskap, tildeling av tilskot innan kulturetaten. Sekretær viste KPMG sitt framlegg til Sveio kontrollutval om sakshandsaming, service og haldningar. Forvaltningsrevisor Ole-Willy Fundingsrud hadde sett på kommunen sine investeringar dei siste åra og sette fram framlegg til prosjekt om prosjektstyring innanfor bygg og anlegg.

Utvalet vart samd om at dei ønskte å gå for sistnemnde prosjekt, då det kunne vere greitt å sjekke om kommunen har gode rutinar og evt. at revisor kom med råd/tilrådingar til kommande byggeprosjekt. Det blei her nemnd tidligare kommunale prosjekt, kulturhusprosjektet (ikkje-kommunalt) og planane om ny sjukeheim og legevakt i 2016.

Revisor ønskte å komme raskt i gang og bad om at utvalet gav leiar fullmakt til å godkjenne prosjektplan med ulike problemstillingar. Utvalet slutta seg til det, men ønskte at utkastet blei sendt medlemmane til gjennomlesing før godkjenning. Rapport blei lova klar til handsaming i september.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.02.15:

Etne kontrollutval ber KPMG AS om å utarbeide utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt "Styring av investeringar i Etne kommune".

Utvalsmedlemma får tilsendt prosjektmandatet, men gjer utvalsleiar fullmakt til å godkjenne prosjektplan og tidsramme.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: måndag **11. mai** 2015, kl. 13.00

Etne/Aksdal, 9. februar 2015

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø
Utvalssekretær